



Innkalling av Administrasjonsutval

Møtedato: 05.12.2019
Møtestad: Kantina, Nordhordlandshallen
Møtetid: 08:30 - 10:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
003/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
004/19	Godkjenning av møteprotokoll
005/19	Arbeidsgjevarstrategi Alver kommune
006/19	Økonomiplan 2020 - 2023

2. desember 2019

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: 19/2342
Saksbehandler: Tove Mette
Fyllingen
Dato: 02.12.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
003/19	Administrasjonsutval	05.12.2019

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: 19/2341
Saksbehandlar: Tove Mette
Fyllingen
Dato: 02.12.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
004/19	Administrasjonsutval	05.12.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg i saken:

02.12.2019 Protokoll - Administrasjonsutval - 21.11.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.



Møteprotokoll for Administrasjonsutval

Møtedato: 21.11.2019
Møtestad: Kantina, Nordhordlandshallen
Møtetid: 08:30 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Utvalseiar
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Nestleiar
Maria Færø	FNB	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Jarle Næss	UDF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Liv Berit Haukås	FF	Medlem
Silje Fanebust	NSF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Nina Bognøy	AP	Møtte til opplæringa
Jostein Helegesen Hellestveit	SP	Møtte til opplæringa
Svein Tomas Villanger	FF	Liv Berit Haukås
Anita Dale	FF	Silje Fanebust

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann, Janne Sund-økonomisjef

Sakliste

Saknr	Tittel
001/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/19	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 21.11.2019

001/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutval 21.11.2019:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

ADM- 001/19 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

002/19: Melding/orientering til administrasjonsutvalet 21.11.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Administrasjonsutval 21.11.2019:

Handsaming:

Orientering AML ved rådmann Ørjan Raknes Forthun

Orientering økonomiplan ved økonomisjef Janne Sund

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 002/19 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering

Arkiv: FE-00
JournalpostID: 19/2336
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 02.12.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
005/19	Administrasjonsutval	05.12.2019

Arbeidsgjevarstrategi Alver kommune

Vedlegg i saken:

02.12.2019 Arbeidsgjevarstrategi Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Administrasjonsutvalet godkjenner Arbeidsgjevarstrategien slik dokumentet litt føre i saka»

Saksopplysninger:

Arbeidsgjevarstrategien skal vere eit overordna styringsdokument som møter utfordringane, og som gir retning for utarbeiding av ulike handlings- og tiltaksplanar innan HR-feltet. Dette kan gjelde både for dokument som vert utarbeidde sentralt i kommunen og som gjeld for alle tenesteområda/avdelingane, og for dokument/planar som vert utarbeidde lokalt på den einskilde arbeidsplass.

Det har vore eit mål for arbeidet at arbeidsgjevarstrategien viser at vi byggjer noko nytt, bidrar til Alver-identitet og er tydeleg og enkelt utforma.

Utfordringsbilete til Alver kommune liknar det som er hovudutfordringane i kommunane elles i landet. Det handlar i stor grad om:

- heiltidskultur
- rekruttering av og konkurransen om den rette kompetansen
- aukande sjukefråvær
- evna til innovasjon
- evna til å realisere gevinstar av digitaliseringstiltak
- folkevekst og ei stadig aldrende befolkning

Som ny kommune må Alver kommune også arbeide for ein felles identitet og samlande kultur.

På bakgrunn av dei hovudutfordringane Alver kommune står ovanfor, har vi utarbeida følgjande mål. Vi skal vere:

1. Attraktive, samlande og inkluderande
2. Nyskapande og utviklingsorienterte

For å nå desse måla har vi valt fire satsingsområde:

- leiing
- medarbeidarskap
- kompetanse
- endringskraft

Vi har tru på at desse 4 satsingsområda vil gjere det mogleg å møte utfordringane Alver står ovanfor og bidra i arbeidet med å skape felles identitet.

Prosess:

Ei prosjektgruppe bestående av tillitsvalde og representantar frå dagens tre kommunar på arbeidsgjevarsida har arbeid fram dokumentet.

Som grunnlag for arbeidet har det vorte utarbeida eit utfordringsnotat som viser til kva som er utfordring i dagens tre kommunar, og korleis dette vil verte i Alver.

Leiargruppa og hovudtillitsvalde har deltatt undervegs med innspel til innhaldet. Dette har vore viktig i prosessen for å sikre at arbeidsgjevarstrategien er forankra i alle ledd og vil leve i organisasjonen.

Partssamasatt utval er styringsgruppe til prosjektet og har fått orientering om arbeidet undervegs.

Prosjektet skal også levere livsfasepolitikk, strategisk kompetanseplan og lønspolitikk, som delplanar til arbeidsgjevarstrategien.

Desse vert det orientert om i møtet, og lagt fram til godkjenning i neste møte.

Felles for alle dokumenta er ramme- og verdistyring. Dette vil krevje mestringsorienterte leiarar, men også myndiggjorte medarbeidarar. Vi må arbeide saman for å finne dei beste løysingane for Alver.

Arbeidsgjevarstrategi 2020 – 2022

Innleiing

Dette er den første arbeidsgjevarstrategien til Alver kommune. Strategien plasserer leiarar og medarbeidarar i sentrum. Saman utgjer dei den viktigaste ressursen vår og er grunnlaget for tenestene vi yter til innbyggjarane i Alver.

Arbeidsgjevarstrategien skal bidra til at vi realiserer kommunen sine mål, og er eit verktøy som leiarar i kommunen skal bruke aktivt. Strategien er også eit styringsdokument for politikarar.

Arbeidsgjevarpolitikken byggjer på Hovudavtalen sine mål om samarbeid og medråderett.

Arbeidsgjevar har ansvaret for at arbeidet er organisert på ein trygg og formålstenleg måte, og har gjennom styringsrett rett og plikt til å organisere, leie, kontrollere og fordele arbeidet. Styringsretten vert avgrensa av lover, tariffavtalar og andre retningslinjer.

Om arbeidsgjevarrollen

- **Kommunestyret:** Kommunestyret har det øvste arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Alver kommune. Kommunestyret skal sjå til at kommunen er organisert på ein måte som gir gode tenester til innbyggjarane.
- **Administrasjonsutvalet:** Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval og behandlar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
- **Rådmannen:** Rådmannen utøver det overordna arbeidsgjevaransvaret for heile kommunen på vegner av kommunestyret.
- **Kommunalsjef for HR og utvikling:** Kommunalsjef for HR og utvikling har eit overordna ansvar for å vidareutvikle kommunen sin arbeidsgjevarstrategi. Kommunalsjefen har også ansvar for verktøy og system, som skal støtte leiarane i deira utøving av arbeidsgjevarrolla.
- **Leiarar:** Leiarane i Alver kommune skal ivareta sine tilsette. Ansvaret omfattar både den daglege personalleinga og systematisk planlegging.

No-situasjon og hovudutfordringar

Utfordringane til Alver kommune liknar på det som er hovudutfordringar for kommunane elles i landet.

Dei generelle utfordringane for kommunesektoren handlar i stor grad om:

- heiltidskultur
- rekruttering av og konkurransen om den rette kompetansen
- aukande sjukefråvær
- evna til innovasjon
- evna til å realisere gevinstar av digitaliseringstiltak
- folkevekst og ei stadig aldrande befolkning

For Alver kommune står sjukefråvær og skape heiltidskultur høgt på lista over utfordringar. Det er i tillegg ei utfordring å rekruttere rett kompetanse til ein del stillingar, fordi konkurransen om arbeidskrafta er høg.

Alver kommune er ein ny kommune, sett saman av Lindås, Meland og Radøy. Ei utfordring for Alver, vert å arbeide for ein felles identitet og samlande kultur.

Alver kommune møter ovannemnde utfordringar. Vi må difor arbeide for at rett kompetanse ønskjer å arbeide i kommunen vår, og vert brukt der behovet er.

Ein sentral faktor som har innverknad på alle utfordringane er arbeidsmiljø. Alver kommune vert bygd av 3 kommunar. Det vert sentralt å ha fokus på å byggje ein felles kultur og ny identitet saman.

Overordna mål

På bakgrunn av dei hovudutfordringane Alver kommune står ovanfor, har vi følgjande mål. Vi skal vere:

1. Attraktive, samlande og inkluderande
2. Nyskapande og utviklingsorienterte

For å nå desse måla har vi valt fire satsingsområde:

- leiing
- medarbeidarskap
- kompetanse
- endringskraft

Satsingsområda våre

1. Leiing

Hovudmål: Leiarar som visar veg og oppnår resultat saman med sine medarbeidarar.

For å nå måla skal Alver kommune ha

- leiarar som forstår kommunen sitt samfunnsoppdrag, er profesjonelle og har god rolleforståing og tar ei aktiv rolle i utviklinga av kommunen sine tenester
- leiarar som har god etisk refleksjon om tenesteinnhald, arbeidsgjevrolla og samfunnsoppdraget
- leiarar som involverer, utfordrar, støttar og stiller krav til medarbeidarar
- leiarar som har kompetanse innan fagområda sine og gode leiaregenskapar

Mestringsorientert leiing legg vekt på at kvar medarbeidar skal få utvikle seg og verte best mogleg ut frå eigne føresetnader, slik at ein opplever meistring og yter sitt beste.

Linda Lai om meistringsorientert leiing:

«Kjernen i alle disse stikkordene som beskriver god ledelse, er raushet overfor medarbeiderne. Og de lederne som i størst grad er raus overfor medarbeiderne på en måte som skaper gode resultater, er de såkalte prososiale lederne. De setter andre foran seg selv og ønsker å hjelpe andre til å få dekket sine behov og nå sine mål.»¹

Mestringsorienterte leiarar i Alver kommune gir:



¹ <https://www.bi.no/forskning/business-review/articles/2017/12/raus-ledelse/>


2. Medarbeiderskap

Hovudmål: Myndiggjorte medarbeidarar

For å nå målet skal Alver kommune ha

- medarbeidarar som tar ansvar for å yte gode tenester for innbyggjarane, og som utfører arbeidet sitt i tråd med lover, reglar og retningsliner
- medarbeidarar som tar ansvar for å ivareta eit godt arbeidsmiljø, med gode relasjonar til leiar, kollegaer og dei ein yter tenester ovanfor
- medarbeidarar som brukar og utviklar kompetansen sin, til beste for tenesteytinga og fagmiljøet
- medarbeidarar som har etisk refleksjon om eiga rolle, tenesteinnhald og samfunnsoppdraget

Medarbeiderskapet har minst tre element av leiing:



3. Kompetanse - medarbeidarar som kompetanse og ressurs

Hovudmål: Behalde, utvikle og rekruttere kompetente medarbeidarar

Med kompetanse meiner vi kunnskap, ferdigheiter og haldningar, samt forståing som gjer at kompetanse vert omsett til handlingar.

Alver kommune skal

- behalde og vidareutvikle eigne medarbeidarar og ha evne til å tiltrekkje seg nye leiarar og medarbeidarar med rett kompetanse
- ha medarbeidarar med kompetanse og ferdigheiter til å løyse arbeidsoppgåvene og som fyller formelle kompetansekrav til stillinga
- utvikle gode fagmiljø
- vere ein lærande organisasjon som byggjer på erfaring, dialog og refleksjon kring eigen praksis
- arbeide med heiltidskultur og høgt nærvær

Alver kommune har ansvar for rett bruk av den einkilde sin kompetanse som eit verkemiddel for kvalitet og utvikling. Det er ein føresetnad at ein sikrar

- kompetansemobilisering, bruk av rett kompetanse
- kompetansemobilitet, at kompetansen vert nytta der behovet er



4. Endringskraft - kontinuerleg forbetring og nytenking

Hovudmål: Sjå moglegheiter og utvikle tenester

Vi skal skape gode tenester og sikre god arbeidsflyt både internt og eksternt. For å klare dette må vi designe gode arbeidsprosessar. På denne måten skal vi utvikle tenestene våre, sjå nye løysingar og arbeide smartare til det beste for innbyggjarar og medarbeidarar.

Alver kommune skal

- løyse samfunnsoppdraget gjennom innovasjon i tenesteutvikling
- sjå moglegheiter og utvikle organisasjonen gjennom nyskaping og digitalisering
- skape ein kultur for kontinuerleg forbetring og nytenking
- sjå behov for endring i oppgåveløysinga og handle utifrå dette
- samskape - sjå løysingar på tvers av fag og organisasjon og i dialog med innbyggjarane
- etablere ein raus kultur for å prøve nytt


Arbeidsgjevarstrategi i praksis

Arbeidsgjevarstrategien er eit overordna styringsdokument som skal danne utgangspunkt for ulike handlings- og tiltaksplanar i organisasjonen. Dette vil gjelde overordna tiltaksplanar og planar for det einskilde område. Det vil også vere aktuelt med samarbeid eller samkøyring av aktivitet og tiltak på tvers av fagområde.

Leiarane skal nytte strategien aktivt i leiarskapet sitt både i dagleg personalleiing og i lokalt plan- og utviklingsarbeid.

Å drive ein god og forsvarleg arbeidsgjevarpolitikk er ein vedvarande prosess og arbeidsgjevarpolitikken vil og bør vere i kontinuerleg endring. Arbeidsgjevarstrategien bør difor rullerast med jamne mellomrom.

Byggjesteinar for arbeidsgjevarstrategien til Alver kommune



Arkiv: FE-150
JournalpostID: 19/2160
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 28.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
006/19	Ungdomsråd	27.11.2019
010/19	Eldreråd	02.12.2019
006/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.12.2019
021/19	Alver formannskap	05.12.2019
	Alver kommunestyre	
006/19	Administrasjonsutval	05.12.2019

Økonomiplan 2020 - 2023

Vedlegg i saken:

28.11.2019 Økonomiplan 2020 - 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2020 er basert på forventet framdrift på tidlegare vedtekte prosjekt i tillegg til nokre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Alver kommune opp 283 743 000 kr i lån til generelle investeringar i 2020 og 195 775 000 kr i lån til sjølvkostområdet (vann og avløp).
2. Økonomiplan for 2020-2023 og årsbudsjett for 2020 blir vedteke, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2020 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei syv hovudområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettet innsparing til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. Rådmannen får fullmakt til å flytte mindre budsjettpostar knytt til driftsutgifter mellom sektorane slik at det samsvarer med organiseringa i Alver.
5. Pensjon: Det har vore ulik amortisering av premieavvik i dei tre kommunane. Alver kommune legg til grunn 7 års amortisering av premieavvik.

6. For 2020 nyttar Alver kommune utskrivningsalternativet i eidegdomsskattelova § 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskatteregiane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eidegdomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eidegdomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og - installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2020 være lik 5/7 av differansen mellom eidegdomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknas med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eidegdomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eidegdomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.
7. Det vert gjeve ei ramme på 2 271 000 kr til kontrollutvalet.
8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 22 500 000 kr og 2 685 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik.
9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
10. Godtgjersle til ordførar blir sett til 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr for 2020. Løna regulerast per mai 2020 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.



Alver kommune

Økonomiplan 2020 – 2023



Framlegg frå rådmannen 28. november 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:	3
Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2020 – 2023	4
Disponible inntekter	6
Bevilgningsoversikt drift §5-4.....	6
Økonomisk oversikt drift §5-6.....	7
Lånegjeld og utvikling av lånegjeld.....	10
Disposisjonsfond	10
Driftsramme for sektorane.....	12
Bevilgning netto driftsramme per sektor	12
Konsekvensjustert budsjett 2019.....	12
Innsparingstiltak og satsingsområder 2020 – 2023.....	13
Politisk styring.....	13
Administrativ styring, andre støttefunksjonar	14
Prosjekt.....	15
Samfunnsutvikling	16
Budsjett og økonomiplanperiode.....	16
Helse og omsorg	18
Budsjett og økonomiplanperiode.....	18
Oppvekst.....	20
Budsjett og økonomiplanperiode.....	20
Barnehagar	21
Teknisk forvaltning og drift	24
Budsjett og økonomiplanperiode.....	24
Investeringsbudsjett	26
Investeringsoversyn	26
Kommentarar til prosjekta	30

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2020 er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekte prosjekt i tillegg til nokre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Alver kommune opp 283 743 000 kr i lån til generelle investeringar i 2020 og 195 775 000 kr i lån til sjølvkostområdet (vann og avløp).
2. Økonomiplan for 2020-2023 og årsbudsjett for 2020 blir vedteke, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2020 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei syv hovudområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparing til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. Rådmannen får fullmakt til å flytte mindre budsjettpostar knytt til driftsutgifter mellom sektorane slik at det samsvarer med organiseringa i Alver.
5. Pensjon: Det har vore ulik amortisering av premieavvik i dei tre kommunane. Alver kommune legg til grunn 7 års amortisering av premieavvik.
6. For 2020 nyttar Alver kommune utskrivningsalternativet i eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og - installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringsseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2020 være lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknas med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.
7. Det vert gjeve ei ramme på 2 271 000 kr til kontrollutvalet.
8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 22 500 000 kr og 2 685 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik.
9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
10. Godtgjersle til ordførar blir sett til 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr for 2020. Løna regulerast per mai 2020 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2020 – 2023

Vi byggjer Alver – grunnlaget for ny kommune

Frå 1. januar 2020 er kommunane Lindås, Meland og Radøy historie, og Alver kommune er ein realitet. Etter fleire år med planlegging og bygging er vi klar til å jobbe saman i ein ny storkommune, med nær 30.000 innbyggjarar og over 2500 tilsette. Grunnlaget for å bygge Alver kommune ligg i intensjonsavtalen frå 2016 og i alle vedtak som er fatta av fellesnemnda i tida etterpå. Dei siste to åra er det gjennomført eit utviklingsprogram for å bygge den nye kommunen. Det har vore særleg fokus på å bygge ein ny organisasjon som er tilpassa behova for Alver, og som kan levere trygge, gode og framtidretta tenester til innbyggjarane. I tillegg har det vore viktig å sikre at Alver har system og IKT-verktøy som er kritisk for drifta. Etter oppstart av Alver kommune i 2020, er det viktig å vidareutvikle organisasjonen - og starte det strategiske plan- og utviklingsarbeidet som ligg i planstrategien.

Utfordringsbilete i økonomiplanperioden

Kommunen har fleire utfordringar som bidrar til at det er krevjande å kome i balanse. Desse utfordringane skuldast ikkje kommunesamanslåinga i seg sjølv, dette er utfordringar kvar kommune ville hatt om dei hadde halde fram som eigen kommune. Og då ville utfordringane truleg vore større. Dei mest sentrale utfordringane for Alver er:

- Kommunen får reduserte inntekter som følgje av lågare eigedomsskatt og bortfall av inntekter knytt til vekst.
- Det er meirforbruk i 2019 som blir vidareført til 2020 utan tiltak.
- Driftskostnader i dagens tre kommunar er finansiert med andre kjelder som ikkje blir vidareført i 2020.
- Kostnaden med å drifte enkelte områder har auka frå 2019 til 2020.
- For enkelte områder er det utfordrande å ta ut stordriftsfordeler knytt til Alver-prosessen, dette på grunn av fleire år med innsparingar i dei eksisterande kommunane.
- Det er fleire tenesteområder som ligg høgare enn landsnitt knytt til drift, ein del av dette skuldast struktur.
- Teknologitviking, innovasjon og digitalisering er viktig å satse på, men det er utfordrande å hente ut økonomiske gevinstar samstundes som tiltaka vert gjennomført.

- Kommunane har planlagt store investeringar i økonomiplanperioden. Dette gir auka gjeld og høgare kapitalkostnader – som igjen bidrar til auka driftskostnader.

Samanlikna med konsolidert økonomiplan bidrar desse utfordringane til at Alver kommune manglar over kr 80 mill for å få årsbudsjettet 2020 i balanse.

Rådmannen sine prioriteringar og grep i økonomiplanperioden

Vi må handtere dette utfordringsbilete samtidig som vi byggjer og utviklar den nye kommunen. Dei neste åra skal vi bruke tid, energi og ressursar på å følgje opp dei ambisjonane som ligg i intensjonsavtalen - men det er viktig å ha eit økonomisk handlingsrom for å kunne utvikle den nye kommunen. Slik situasjonen er for Alver, særleg i første del av økonomiplanperioden, må kommunen gjere tydelege grep for å sikre seg dette handlingsrommet - både på drift og investering.

Prioriteringar og grep driftsbudsjett

For økonomiplanperioden er det laga ein innsparingsplan for alle sektorar på kr 123 mill. 25 mill av desse er uspesifiserte tiltak fordelt på dei tre første åra. Innsparingane er i stor grad knytt til gevinstar og effektivisering i samband med etablering av ny kommune og ny organisasjon. Men det er også lagt inn innsparingar som utfordrar satsingar og kvalitet i tenestene. Det er forslag til innsparingar i 2020 som blir bindande, andre innsparingar i perioden er innsparingsmuligheiter vi må jobbe vidare med.

I 2020 manglar Alver over kr 80 mill for å få årsbudsjettet i balanse. Dette blir løyst med innsparingstiltak på drift, bruk av disposisjonsfond på kr 30 mill og bruk av estimert utbetaling frå havbruksfondet på kr 20 mill. I tillegg blir det nytta midlar frå flyktningfond og uspesifiserte innsparingstiltak på kr 10 mill.

Det å legge inn uspesifiserte innsparingstiltak i 2020 er krevjande, dette betyr at organisasjonen må finne betydelege tiltak undervegs i driftsåret.

Bruk av disposisjonsfond til å finansiere drift er ikkje berekraftig, kommunen må derfor ha ein plan for å redusere driftskostnader vidare framover. I tillegg til innsparingar i drifta, legg rådmannen opp til redusert investeringsnivå i perioden.

For å kunne handtere uforutsette kostnader, til dømes renteauke, bør ein kommune på Alver sin storleik ha eit disposisjonsfond på rundt 10 -20% % av driftsinntektene. Det betyr eit disposisjonsfond på mellom 200 - 400 mill. kr Ved utgangen av 2020 vil Alver ha eit disposisjonsfond på om lag 170 mill. kr (inkludert langsiktig plasseringar i finansmarknaden).

Prioriteringar og grep i investeringsbudsjettet

Rådmannen har tatt utgangspunkt i dei investeringsprosjekt som har lagt i dei eksisterande kommunane sine økonomiplanar.

Høg investeringstakt gir høgare gjeld og auka driftskostnader. På grunn av utfordringane med driftsbudsjettet er det avgjerande at større investeringar blir flytta til etter økonomiplanperioden. Investeringane som rådmannen har foreslått vert gjennomført etter økonomiplanperioden 2020 - 2023 er:

- Ny Eikanger skule (115 mill. kr) – Her er det lagt inn midlar til planlegging i økonomiplanperioden.
- Manger skule utviding (12 mill. kr) – Ei utviding vil truleg ha betydeleg høgare kostnad
- Hall Ostereidet og veg/infrastruktur hall (147 mill. kr)
- Bustader og oppfølging bustadsosial handlingsplan (58 mill. kr)
- Oppgradering Frekhaug sentrum (33 mill. kr)

For fleire av investeringane er det mulig å starte planlegging i økonomiplanperioden, men bygge-

fase bør vente til etter perioden. Evt. omprioriteringar bør halde seg innanfor den økonomiske ramma som er lagt fram i økonomiplanen. Det er viktig å understreke at framlegget til økonomiplan gir ein økonomiplan i balanse etter lover og forskrifter, men ikkje med dei avsetningar (overskot) som er anbefalt. Det er først i 2023 det er mulig å få til eit markert positivt netto driftsresultat med 1,0%. For kommunar på Alver sin storleik og med Alver sine inntekter, rår rådmannen til å ha eit høgare driftsresultat enn anbefalinga på 1,75%.

Handlingsrom gir utviklingskraft

I intensjonsavtalen ligg det tydelege visjonar og mål for den nye kommunen. Alver kommune skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv. Dette krev at kommunen har utviklingskraft. Slik utviklingskraft får Alver kommune ved å ha:

- Godt samspel med innbyggjarar og næringsliv
- Ein kompetent organisasjon
- Økonomisk handlingsrom.

Det er fullt mogleg å skape eit godt økonomisk handlingsrom for Alver kommune, men det må vere ein del av ein målretta plan. Første del av planen er å få økonomiplanen i balanse med moglegheit for avsetningar til disposisjonsfond og investeringsbudsjett. Klarar vi den delen av planen kan Alver kommune bruke sin utviklingskraft til å satse på strategisk prioriterte tenester, attraktiv samfunnsutvikling, viktige investeringar og auka kvalitet i tenesteproduksjonen.

Disponible inntekter

Rammene for drifta av dei kommunale tenestene vert lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter.

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Fleire av desse postane har kommunen liten påverknad på – men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som er med å setja dei økonomiske rammene for drifta av kommunen.

I følgje forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner om ble vedtatt i juni 2019, skal kommunestyret vedta bevilgningsoversikt drift etter § 5-4, bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 og økonomisk oversikt etter § 5-6. I tillegg skal det fremgå kva netto rammer kommunestyret vedtar driftsbudsjettet på, og utvikling av lånegjeld i perioden etter §5-7.

Bevilgningsoversikt drift §5-4

BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT § 5-4	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Rammetilskot	-944 170	-952 495	-970 250	-988341
Inntekts- og formuesskatt	-786 430	-786 433	-786 433	-786433
Eigedomsskatt	-142 411	-121 806	-100 466	-78 391
Andre generelle driftsinntekter	-73 450	-57 450	-63 450	-56 450
SUM GENERELLE DRIFTSINTEKTER	-1 946 461	-1 918 184	-1 920 599	-1 909 615
Sum bevilningar drift, netto	1 909 627	1 860 059	1 828 037	1 804 294
Avskrivningar	45 200	45 200	45 200	45 200
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	1 954 827	1 905 259	1 873 237	1 849 494
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	8 366	-12 925	-47 362	-60 121
Renteinntekter	-19 460	-17 360	-17 960	-18 460
Utbytter	-24 150	-24 150	-24 150	-24 150
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidde	0			
Renteutgifter	49 606	56 010	54 850	52 700
Avdrag på lån	98 200	102 150	103 010	100 220
NETTO FINANSUTGIFTER	104 196	116 650	115 750	110 310
Motpost avskrivningar	-71 000	-71 000	-71 000	-71 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	41 562	32 725	-2 612	-20 811
<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>				
Overføring til investering	6 900	6 400	6 400	6 400
Netto avsetning til eller bruk av bundne fon	-1 446	-1 446	-1 446	-1 446
Netto avsetningar til eller bruk av disp.fond	-47 016	-37 679	-2 342	15 857
Dekning av tidlegare års meirforbruk				
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV	-41 562	-32 725	2 612	20 811
NETTO DRIFTSRESULTAT	-41 562	-32 725	2 612	20 811
FREMFORRT TIL INNDEKNING I SEINERE ÅR	0	0	0	0

Alle tal i 1000 kr. Minusfortegn betyr inntekter eller positivt resultat.

Reduksjon i eigedomsskatt må sjåast i samanheng med auka rammetilskot i perioden. Overgangsreglande knytt til eigedomsskatt på verkt og bruk inneber at kommunane får kompensert nært opp til heile bortfallet av eigedomsskatt over ein 7-års periode. Meir detaljer knytt til rammetilskot kjem fram på side 8.

Økonomisk oversikt drift §5-6

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT § 5-6	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Rammetilskot	-944 170	-952 495	-970 250	-988 341
Inntekts- og formuesskatt	-786 430	-786 433	-786 433	-786 433
Eigedomsskatt	-142 411	-121 806	-100 466	-78 391
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-73 400	-57 400	-63 400	-56 400
Overføringer og tilskot frå andre	-189 097	-189 097	-189 097	-189 097
Brukarbetalingar	-87 551	-87 551	-87 551	-87 551
Sals- og leigeinntekter	-163 459	-163 459	-163 459	-163 459
SUM DRIFTSINTEKTER	-2 386 518	-2 358 241	-2 360 656	-2 349 672
Lønsutgifter	1 300 250	1 262 121	1 237 488	1 219 225
Sosiale utgifter	340 702	329 263	321 874	316 394
Kjøp av varer og tenester	588 377	588 377	588 377	588 377
Overføringer og tilskot til andre	77 600	77 600	77 600	77 600
Avskrivningar	71 000	71 000	71 000	71 000
SUM DRIFTSUTGIFTER	2 377 929	2 328 361	2 296 339	2 272 596
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-8 589	-29 880	-64 317	-77 076
Renteinntekter	-19 806	-17 706	-18 306	-18 806
Utbytter	-24 150	-24 150	-24 150	-24 150
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidde	0	0	0	0
Renteutgifter	66 906	73 310	72 150	70 000
Avdrag på lån	98 200	102 150	103 010	100 220
NETTO FINANSUTGIFTER	121 150	133 604	132 704	127 264
Motpost avskrivningar	-71 000	-71 000	-71 000	-71 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	41 562	32 725	-2 612	-20 811
Netto Driftsresultat	-1,7 %	-1,4 %	0,1 %	0,9 %
<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>				
Overføring til investering	6 900	6 400	6 400	6 400
Netto avsetningar til eller bruk av bundne d	-1 446	-1 446	-1 446	-1 446
Netto avsetningar til eller bruk av disp.fond	-47 016	-37 679	-2 342	15 857
Dekning av tidligare års meirforbruk				
SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-41 562	-32 725	2 612	20 811
FREMFORRT TIL INNDEKNING I SEINERE ÅR	0	0	0	0

Alle tal i 1000 kr. Minusfortegn betyr inntekter eller positivt resultat.

Det er anbefalt at kommunene minimum har eit netto driftsresultat på 1,75%. Resultatet bør imidlertid vere høgare når ein kommune har ekstraordinære inntekter, eller er utsett før høg risiko.

I følgje nye kommuneloven skal kommunestyret vedta økonomiske måltall. I samband med strategiprosessen våren 2020 vil det blir fremma sak knytt til måltall for mellom anna netto driftsresultat og målsetnad for disposisjonsfond.

I rådmannens framlegg til budsjett 2020 og økonomiplanperioden (les meir om disposisjonsfond side10 og 11) er det lagt inn følgjande avsetnad/ bruk av generelt disposisjonsfond:

DISPOSISJONSFOND - generelt	2019	2020	2021	2022	2023
Avsetning til disposisjonsfond				4 800	22 999
Bruk av disposisjonsfond (KLP)		-6 900	-6 400	-6 400	-6 400
Anna bruk/ avsetnad disposisjonsfond		-29 274	-24 537		
Generelt disposisjonsfond 31.12	102 147	65 973	35 036	33 436	50 035

RAMMETILSKOT, SKATT	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Innbyggjartilskot	-732 337	-731 200	-730 888	-730 566
Utgiftsutjamning	-39 647	-39 618	-39 611	-39 603
Korr. barn i statlege+private skular	19 136	19 136	19 136	19 136
Tilskot til INGAR (inntektsgarantiordn.)	1 573	1 573	1 573	1 573
Overføring frå INGAR	0			
Saker m/særskild fordeling	-12 154	-12 154	-12 154	-12 154
Veksttilskot / skjøn for bortfall av VT	-695	-347	0	0
Skjønstilskot	-7 300	0	0	0
Komp. bortfall eigedomsskatt prod.utstyr	-36 841	-53 980	-72 401	-90 822
Regionsentertilskot	-5 234	-5 234	-5 234	-5 234
Inndelingstilskot	-29 426	-29 426	-29 426	-29 426
Sum ramme utan inntektsutj.	-842 925	-851 250	-869 005	-887 096
Netto inntektsutjamning	-101 245	-101 245	-101 245	-101 245
Sum rammetilskot	-944 170	-952 495	-970 250	-988 341
Skatt på formue og inntekt	-786 430	-786 433	-786 433	-786 433
Sum skatt og ramme (avrunda)	-1 730 600	-1 738 900	-1 756 700	-1 774 800

Alver kommune sine samla budsjetterte frie inntekter (skatt og rammetilskot) for 2020 samsvarar med dei utrekningar som ligg i Kommunal- og regionaldepartementet sin dokumentasjon til stats-

budsjettet ("grønt hefte"), justert for lokale skatteanslag og korreksjon for forventa folketal per 1. januar 2020.

Generelle statstilskot

Kommunen mottar følgjande generelle statstilskot:

Generelle statstilskot	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Introduksjonstilskot	-47 300	-47 300	-47 300	-47 300
Kompensasjonstilskot	-6 100	-6 100	-6 100	-6 100
Andre statlege overføringar	-20 000	-4 000	-10 000	-3 000
SUM	-73 400	-57 400	-63 400	-56 400

Introduksjonstilskot er knytt til busetting av flyktningar. Det er lagt inn ein forventning om utbetaling frå havbruksfondet i 2020 og 2022 på henholdsvis 20 mill. kr og 10 mill. kr, då det vert gjen-

nomført auksjon for konsesjonane desse åra. Slike ekstraordinære inntekter bør ikkje brukast til å finansiere drift slik det er lagt opp til i økonomiplanperioden.

Renteinntekter og utbytte

Lindås kommune har plassert midlar i bank og mottek utbytte frå selskap. For økonomiplanperioden er det lagt til grunn følgjande inntekter:

RENTEINTEKTER, UTBYTTE	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Interne overføringar	-16 954	-16 954	-16 954	-16 954
Renteinntekter bankinnskot/ plasseringar	-11 400	-10 000	-10 500	-11 000
Renteinntekter på utlån	-8 406	-7 706	-7 806	-7 806
Renteinntekter obligasjonar, aksjar				
Utbytte frå selskap	-24 150	-24 150	-24 150	-24 150
Sum renteinntekter, utbytte	-60 910	-58 810	-59 410	-59 910

I tillegg til bankinnskot er det plassert 100 mill. kr langsiktig i finansmarknaden. Forventa avkastning på plasseringa er i 2020 lagt inn med 5%. Ei even-

tuell meiravkastning bør setjast av til fond for mindreavkastning. Ei eventuell mindreavkastning skal finansierast av fond for mindreavkastning.

Interne overføringer

Vatn og avløp skal vera sjølvfinansierende. Desse tenestene vert belasta ei kalkulatorisk renteutgift,

og det vert tilsvarande budsjettert ei kalkulatorisk renteinntekt sentralt som del av sentrale poster.

Utbytte frå BKK

Utbytte frå selskap (BKK) er budsjettert med 24,1 mill. kr i 2020.

Renteutgifter

RENTEUTGIFTER	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Investeringar og formidlingslån	66 906	73 310	72 150	70 000


Det er i økonomiplanperioden lagt til grunn følgjande gjennomsnittlege rentenivå på heile gjeldsporteføljen:

- Budsjettåret 2020: 2,29%
- Budsjettåret 2021: 2,34%
- Budsjettåret 2022: 2,35%
- Budsjettåret 2023: 2,36%

Gjennom ei meir aktiv gjeldsforvaltning er det lagt inn årleg innsparing i rentekostnadane med kr 5,0 mill. Dette inneber ein reduksjon av gjennomsnittleg rente på om lag 0,16% i det einskilde år.

Ei flat rente i økonomiplanperioden er i trå med Norges Bank sin forventa utvikling i rentenivå, som spesifisert i pengepolitisk rapport nr 3 frå september 2019.

Figur 1.1a Styringsrenten med usikkerhetsvifte¹⁾.
Prosent. 1. kv. 2013 – 4. kv. 2022²⁾



Avdragsutgifter

AVDRAGSUTGIFTER	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Investeringar 1)	98 200	102 150	103 010	100 220
Sum avdragsutgifter	98 200	102 150	103 010	100 220

1) Avdraga er deflatert med 3,0 % (2020 prisar)

Som følgje av lånefinansierte investeringar vil avdrag i økonomiplanperioden auka. Generelt er økonomiplanen utarbeidd i 2020-prisar. Avdraga er gjort om til faste 2020-kroner. Når det gjeld rente-

utgifter og renteinntekter, så er desse ikkje omgjort til 2020-prisar fordi det er lagt inn forventa rentenivå i dei ulike åra, som er høgare enn rentenivået i 2020.

Lånegjeld og utvikling av lånegjeld

LÅNEGJELD	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Lånegjeld 1.1. utan formidlingslån	2 600 460	2 978 260	3 147 110	3 192 100
Avdrag i investeringar	-98 200	-102 150	-103 010	-100 220
Låneopptak*	476 000	271 000	148 000	127 000
Lånegjeld 31.12.	2 978 260	3 147 110	3 192 100	3 218 880
Lånegjeld 31.12 formidlingslån	361 030	426 990	492 470	559 800

Mottatte avdrag på vidareutlån	-19 600	-19 600	-19 600	-19 600
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift	6 900	6 400	6 400	6 400
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond				
Netto avsetningar til eller bruk av ubunde investeringsfond				
Dekning av tidlige års udekkede beløp				
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	6 900	6 400	6 400	6 400
Fremført til inndekning i seinere år (udekkede beløp)	0	0	0	0

BRUTTO INVESTERINGAR - rådmannens framlegg		Prosjekt- kostnad	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020- 2023	Etter øk.plan perioden
1	Investering administrasjonsbygg	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	
2	Kommunale bygg		3 100	3 100	3 100	3 100	12 400	
Sum administrasjonsbygg (delsum)			5 100	5 100	5 100	5 100	20 400	
3	Ny Alversund barneskule inkl hall og infrastruktur		325 000	165 000	116 500		281 500	
4	Knarvik barneskule inkl hall		235 000	1 500			1 500	
5	Oppgradering Eikanger skule			500			500	
6	Trafikksikring Eikanger skule			2 500			2 500	
7	Ny Eikanger skule		115 000		1 000	3 000	4 000	112 000
8	Tomt Eikanger skule						0	10 000
Uteområde Leiknes og Knarvik U og oppgradering ventilasjon								
9	diverse skuler		6 000				6 000	
10	Leikeplassutstyr	Løpande	250	250	250	250	1 000	
11	Investering skulebygg	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	
12	Kjøp/planlegging tomt Meland ungdomskule (overført frå 2019)		2 500	10 000			12 500	
13	Utgreiing/ planlegging ungdomskule							311 250
14	Styrking ungd. Skule, basseng, bibliotek, gymsal, kultur							87 500
15	Ny barneskule Frekhaug /alt. utviding Sagstad - (utgreiing)			1 250	1 250		2 500	
16	Ny barneskule Flatøy (utgreiing)						0	2 500
17	Manger skule utviding						0	12 000
18	Manger skule uteområdet						0	1 500
Sum skulebygg (delsum)			180 250	131 000	3 500	5 250	320 000	536 750
19	Utstyr idrettsanlegg	Løpande	200	200	200	200	800	
20	Investering Kultur og idrett	Løpande	200	200	200	200	800	
21	Veg/ infrastruktur Hall Ostereidet		25 000				0	25 000
22	Hall Ostereidet		122 000				0	122 000
23	Turstiar/lyssette turløypar		3 125				3 125	
24	Oppfølging av mulighetsstudie rådhuset på Manger		2 000				2 000	
25	Rådhus/ kulturhus/ Kino - rehabilitering		5 000				5 000	
NY	Dagsturhyttar		3 600				3 600	
Sum kultur og idrett (delsum)			14 125	400	400	400	11 725	147 000
26	Ny barnehage Lindås		69 900	47 400	14 000	1 000	62 400	
27	Barnehage Bø		26 000				26 000	
28	Veg/ infrastruktur ny barnehage Lindås		5 000				5 000	
29	Investering barnehagebygg	Løpande	1 000				1 000	
Sum barnehagebygg (delsum)			79 400	14 000	1 000	0	94 400	0
30	Nye bustader rus og psykiatri		25 000	2 000	18 000	5 000	25 000	
31	Investering bustader	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	
32	BSHP - Prosjektering, Kjøp av 4 hybler til ungdommer	Ikke avklart					0	200
33	BSHP - Prosjektering, 6 leiligheter til voksne/ familier	Ikke avklart					0	200
34	Investering institusjon og omsorgsbustader	Løpande	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000	
35	Bufellesskap		25 300	1 000	3 000	20 300	24 300	
36	Utleigebustader for vanskelegstilte						0	20 000
37	Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn						0	25 000
38	Oppfølging bustadsosial handlingsplan						0	13 000
39	Ny RIB					3 000	3 000	
40	Solhall oppgradering					9 500	9 500	
Sum Institusjon og omsorgsbustader, Helse og sosial (delsum)			6 000	6 000	21 000	40 800	73 800	58 400
41	Kyrkjeleg fellesråd						0	
42	Gravplass Lindås		4 700				4 700	
43	Utviding av kyrkjegard					14 000	14 000	8 000
44	Arbeidskyrkje - kommunalt tilskot						0	87 500
Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)			4 700	0	0	14 000	18 700	95 500

Nr	BRUTTO INVESTERINGAR - rådmannens framlegg	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020-2023	Etter øk.plan perioden
45	Nytt vannbehandlingsanlegg Hestdal		38 875				38 875	
46	VA anlegg Meland vassverk - Meland høgdebasseng		14 600				14 600	
47	VA-anlegg Myrvollane - Moldekleiv		15 300				15 300	
48	VA - anlegg Fosse - Moldekleiv		10 200	10 300			20 500	
49	Vassleidning Fosse - Frekhaug				10 100		10 100	
50	Mindre prosjekt vatn		3 000	3 000	3 000	3 000	12 000	
51	Vassprosjekt iht. plan		21 900	14 500	5 000		41 400	
52	Leidning Tykheller - Sjurset, kom.del		10 000	15 000	3 000	3 000	31 000	
53	Leidning Kløve - Eknes		5 000	12 000			17 000	
54	Leidning Kløve - Veland					15 000	15 000	
55	Leidning Alverstraumen del 1 og 2				6 000		6 000	
56	Leidning Alversstraumen- Austmarka					6 000	6 000	
57	Høydebasseng Alverstraumen				10 000		10 000	
58	Oppgradering VA anlegg Alversund i samband med utbygging		5 000	3 000			8 000	
59	Oppgradering Lindås		3 000	3 000			6 000	
60	Nystøltunet , Fyllingsnes		1 000				1 000	
61	Storavatn, nytt behandlingsanlegg			2 000			2 000	
62	Herlandstø - Flatøy				5 000		5 000	
63	Tilskotsanlegg private		500	500	500	500	2 000	
64	Generelle nyanlegg + rehab. , leidning		3 500	3 500	3 500	3 500	14 000	
65	Knarvikplanen, kommunal del		6 000	2 000	2 000	2 000	12 000	
66	Mongstad Sør, utbygging Samb.veg		4 000				4 000	
	Sum vann		141 875	68 800	48 100	33 000	291 775	
67	VA anlegg Meland vassverk - Meland høgdebasseng		2 000					
68	VA - anlegg Myrvollane - moldekleiv		5 000				5 000	
69	VA - anlegg Fosse - Moldekleiv		6 900	6 900			13 800	
70	Mindre prosjekt avlaup		3 000	3 000	3 000	3 000	12 000	
71	Avløpsprosjekt iht. plan		8 800	2 500	4 700		16 000	
72	Mindre utbygginger, nyanlegg, felles med vann osv		1 500	1 500	1 500	1 500	6 000	
73	Tildkot provat/ offentlig anlegg		500	500	500	500	2 000	
74	Rehabilitering ledninger		1 500	1 500	1 500	1 500	6 000	
75	Overløpskontroll		200	200	200	200	800	
76	Resipientundersøkelser		1 000			2 000	3 000	
77	Pumpestasjon Alverstraumen kai		2 500			3 000	5 500	
78	Pumpeledning Alverstraumen kai - Gangstø		7 000				7 000	
79	Pumpeledning Gangstø - Hilland Vest		1 000	4 000			5 000	
80	Pumpestasjon Ikenberget				1 000	6 000	7 000	
81	Pumpeledning Ikenberget - Klubbstøa				1 000	6 000	7 000	
82	Pumpestasjon Herlandstø/Isdalstø - Klubbstøa				5 000		5 000	
83	Pumpestasjon Klubbstøa				4 000		4 000	
84	Pumpeledning Klubbstøa - Monter/Stolz				8 000		8 000	
85	Hovedrenseanlegg Kvassneset, primærrensing		10 000	40 000	34 000		84 000	
86	Renseanlegg Mongstad Sør, inkl div ledn.			8 000			8 000	
87	Avløpsledninger Mongstad Base, kommunal del		2 000				2 000	
88	Slamavskillere, - ombygging og utvidelser					1 000	1 000	
89	Knarvikplanen, kommunal del		3 000	1 000	1 000	1 000	6 000	
	Sum avløp		53 900	69 100	65 400	25 700	214 100	
90	Kommunale vegar		2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	
91	Trafikksikring		650	650	650	650	2 600	
92	Veglys, oppgradering (armatur, målare)		3 500	3 500	4 000	4 000	15 000	
93	Mindre trafikksikringstiltak		500	500	500	500	2 000	
94	Forsterkningstiltak vegar		1 000	1 000	1 000	1 000	4 000	
	Sum veg		7 650	7 650	8 150	8 150	31 600	
95	Brannstasjon		15 000				15 000	
96	Ny brannbil		10 500	800	500	500	12 300	
97	Diverse investeringar Brann		1 000	500	500	500	2 500	
	Sum Brann		26 500	1 300	1 000	1 000	29 800	

Nr	BRUTTO INVESTERINGAR - rådmannens framlegg	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020-2023	Etter øk.plan perioden
98	Universell utforming/ særlig tilrettelegging	Løpande	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000	
99	Planlegging Knarvik		3 000	2 000	2 000	2 000	9 000	
100	Utbygging Knarvik	56 000	28 000				28 000	
101	Prestelva		1 000				1 000	
102	Digitalt kartverk			500	500		1 000	
103	Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar		2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	
104	IKT-anlegg		3 000	3 000	3 000	3 000	12 000	
105	Utsifting bilar		500	500	500	500	2 000	
106	Oppgradering Frekhaug sentrum						0	33 050
107	IKT diverse direkte investert kommunen		750	750	750	750	3 000	
108	Nettbrett skuleelevar		2 000				2 000	
109	Datautstyr skulane		380	380	380	380	1 520	
110	Digital transformasjon skulane		180				180	
111	IKT prosjekt via IKTNH		500	500	500	500	2 000	
112	Egenkapitalinnskot KLP		6 400	6 400	6 400	6 400	25 600	
	Sum andre tiltak		49 210	17 530	17 530	17 030	101 300	
	Brutto investeringar		568 710	320 880	171 180	150 430	1 207 600	837 650

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020-2023
Investeringar finansierte av kommunale inntekter	372 935	182 980	57 680	91 730	701 725
Investeringar finansierte av gebyr vatn og avløp	195 775	137 900	113 500	58 700	505 875
	568 710	320 880	171 180	150 430	1 207 600
FINANSIERINGSBEHOV	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020-2023
Brutto investeringar	568 710	320 880	171 180	150 430	1 207 600
Avdrag på formidlingslån	19 600	19 600	19 600	19 600	78 400
Formidling av Husbanklån	80 000	80 000	80 000	80 000	320 000
Sum finansieringsbehov	668 310	420 480	270 780	250 030	1 606 000
FINANSIERING	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020-2023
Lån					
Husbanklån	80 000	80 000	80 000	80 000	320 000
Generelle investeringar	283 743	133 314	34 149	68 264	521 970
Avløpsrensaneanlegg	53 900	69 100	65 400	25 700	214 100
Vassverk	141 875	68 800	48 100	33 000	291 775
Sum låneopptak	559 518	351 214	227 649	206 964	1 347 845
Mottekne avdrag på formidlingslån	19 600	19 600	19 600	19 600	78 400
SUM EKSTERN FINANSIERING	579 118	370 814	247 249	226 564	1 426 245
Anna finansiering					
MVA- refusjon (forskriftsbestemt)	71 967	34 916	9 856	13 866	130 605
Bufellesskap - tilskot husbanken 40%					0
Tilbakebetaling forskottering Sjurset Litlås	3 325	3 250	3 175	3 100	12 850
Klimasatsmidler Alversund skule	1 500				1 500
Trafikksikringsmidler Eikanger skule Misa	2 000				
Bruk av disposisjonsfond trafikksikring Eikanger	500				
Tilskot frå Alvidra - hall Alversund	2 000				2 000
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)	6 400	6 400	6 400	6 400	25 600
Tilbakebetaling forskottering Storemyra		5 000	4 000		9 000
Sal av brannbil	1 500	100	100	100	1 800
SUM INTERN FINANSIERING	89 192	49 666	23 531	23 466	183 355
SUM FINANSIERING	668 310	420 480	270 780	250 030	1 609 600

Kommentarar til prosjekta

1. Investering administrasjonsbygg:

Ombygging, utbetring og tilpassingar av administrasjonsbygg.

2. Kommunale bygg:

Ombygging, utbetring og tilpassingar av bygningar i kommunen sitt eige. Dette kan gjelde ulike tenestestader og bustader.

3. Alversund barneskule, inklusive hall og infrastruktur:

Ny Alversund skule og fleirbrukshall skal vere ferdig i 2021. Budsjettramma er basert på ein skule for 450 elevar og ein hall med handballstorleik og ¼ forlenging med basishall. Det skal og byggjast lokaler for ungdomsklubben. I tillegg til den vedtekne ramma er det lagt inn auke i ramma tilsvarende klimasatsmidlar.

Som del av områdeutvikling og ny skule i Alversund skal det etablerast nye gang og sykkelveggar og VVA-anlegg.

4. Knarvik barneskule, inkl hall:

Ny Knarvik barneskule stod ferdig til skuleåret 2019. Prøvedriftsperioden går ut i april 2020. Reserverende beløp av kontrakta med entreprenør skal betalast ut etter godkjent prøvedrift.

5. Oppgradering Eikanger skule:

Eikanger skule er ein av dei eldre skulane i Lindås. Skulen treng tilrettelagte undervisningsareal for bl.a. kunst/handverk, mat og helse og naturfag. Ny paviljong, oppgradering av uteområde og tilkopling til kommunalt vatn skal også dekkast av midlane. Prosjektet starta i 2019 og ferdigstilles i 2020.

6. Trafikksikring Eikanger skule

Som del av oppgraderinga av Eikanger skule skal det etablerast ein trygg av- og påsetjingssone for levering og henting av elevar ved skulen. Kommunen har fått tildelt 2 mill frå Fylkeskommunen til prosjektet.

7. Ny skule Eikanger:

Det er vedteke at tomt for ny skule i Eikanger krins vert på Fyllingsnes. Tomta er sett av i ny kommuneplan. Området må regulerast. Det er lagt inn midlar til arbeid med byggeprogram og oppstart av reguleringsarbeid etter økonomiplanperioden. Prosjektet må koordinerast med Statens vegvesen sitt prosjekt E39.

8. Kjøp av tomt ny skule Eikanger:

Det er gjort vedtak om at tomt for ny skule vert på Fyllingsnes. Midlar er flytta til etter økonomiplanperioden.

9. Uteområde Leiknes og Knarvik U og oppgradering ventilasjon diverse skuler

Som del av ferdigstilling av Leiknes skule, skal skuleplassen utvidast med eit nytt leikeområde. For Knarvik ungdomskule skal ein del av uteområdet tilretteleggast for aktivitet for å sikre nok opphaldsareal utandørs for elevane. Planlagt rehabilitering av tekniske anlegg på skulebygg ligg også i denne posten.

10. Leikeplassutstyr:

Det er sett av ei ramme kvart år til nye leikeapparat. Dette gjeld både for skular og for barnehagar.

11. Investering skulebygg:

Skular som ikkje er prioriterte med nybygg /større rehabilitering treng også oppgradering. Det kan vere behov for å byggje om for å få fleire grupperom, mindre tilbygg, nye tekniske anlegg m.m.

12. Kjøp av tomt og planlegging Meland ungdomskule (overført frå 2019):

Meland ungdomsskule er for liten og i dårleg stand pr i dag. Det er sett av midlar til kjøp av tomt og midlar til planlegging og prosjektering av ny skule i 2020.

13. Utgreiing/ planlegging ungdomskule Frekhaug:

Det er overført midlar til å utvide kapasiteten midlertidig på eksisterande ungdomsskule på Frekhaug grunna auka elevtal. Midlane er lagt til etter økonomiplanperioden.

14. Styrking ungdomskule, basseng, bibliotek, gymsal, kultur:

Midlar sett av til styrking av tilbodet innan oppvekst og kultur i kommunen. Styrking gjeld blant anna mindre tilpassingar og tilrettelegging i eksisterande bygg og anlegg på Vestbygd, Rossland og Meland ungdomskule. Midlane er lagt til etter økonomiplanperioden.

15. Ny barneskule Frekhaug/ alt. Utviding Sagstad (utreiing):

Prognosane viser ein stor vekst i elevtal på Frekhaug. Det må vurderast å etablere ny barneskule i området. Det er sett av midlar til utgreiingar knytt til kapasiteten på barneskule på Frekhaug i økonomiplanperioden.

16. Ny barneskule Flatøy (utgreiing):

Prognosane viser ein stor vekst i elevtal på Holsnøy dersom utbygging av Midtmarka vert realisert. Midlar til utgreiingar knytt til skulebehov på Flatøy er sett til etter gjeldande økonomiplanperiode.

17. Manger skule utviding

Manger skule er for liten. Det er planlagt ei utviding av skulen og skuleområdet. Prosjektet er sett til etter økonomiplanperioden.

18. Manger skule uteområde

Som følgje av utviding av skulen på Manger, må også uteområdet utvidast for å vere tilpassa elevtalet. Uteområdet skal leggast til rette for fysisk aktivitet og opphald.

19. Utstyr idrettshaller:

Det er jamnleg behov for å bytte ut utstyr i idrettshallane grunna stor slitasje og mykje aktivitet.

20. Investering kultur og idrett:

Idrettsanlegg og kulturminne som ikkje er prioriterte med større investeringar treng også oppgradering og ombygging. Midlane kan nyttast til planlagte mindre tiltak innan idrett og kultur.

21. Veg/ infrastruktur Hall Ostereidet:

Det må gjerast tiltak med fylkesveg mot skuleområdet på Ostereidet for å kunne realisere ny hall. Midlane skal nyttast for å trygge tilhøva for mjuke trafikantar og tilrettelegge øvrig infrastruktur som følgje av etablering av hallen. Midlane nyttast som del av prosjektet Idrettshall Ostereidet og følgjer framdrift for dette prosjektet.

22. Idrettshall Ostereidet:

Planlegging og bygging av Idrettshall på Ostereidet er estimert til 122 mill. kr. Midlane er lagt til etter økonomiplanperioden. Prosjektet er i forprosjektfase og regulerast gjennom områdereguleringsplan for Ostereidet. Områdeplanen skal til vedtak våren 2020.

23. Turstiar/ lysette turløyper:

Prosjekt som er starta opp på Frekhaug, inngår i temaplan for Idrett, folkehelse og friluftsliv.

24. Rådhus/ kulturhus/ kino:

Rådhuset på Manger skal utvidast og byggast om til å eit kulturhus. Midlar skal dekkja planlegging og prosjektering av bygget og kulturteknisk utstyr til bygget. Arkitekt og prosjekteringsarbeid er starta. Totalkostnad for utviding og ombygging er ikkje avklart.

25. Oppfølging av mulighetsstudie på Manger

Det er sett av 2 mill. kr til oppfølging av mulighetsstudien av rådhuset på Manger

NY. Dagsturhytter

gjeld bygging av tre dagsturhytter. Dagsturhytteprosjektet er ei vidareføring av tilsvarande prosjekt i Sogn og Fjordane, der ein no ytrar tilskot til alle kommunane i dagens Hordaland. Tilskota gjeld etter kommunegrensar før 2020, Alver kommune kan derfor søkje om tre. Tiltaket vil detaljerast nærmare i 2020, og gjennomførast i tett samarbeid med frivillige lokale krefter. Det vert truleg krav om bibliotek i hyttene, som vil verte bygd med solcelledrivne varmeomnar og enkle sanitæranlegg. Hyttene skal vere i rimeleg avstand frå dagens kommunesentre. Kostnad er 3,6 mill for tre hytter, etter tilskot, spelemidlar og mva-refusjon er nettokostnaden kr 600 000 før evt. dugnad og eigeninnsats. Oppstart av prosjektet vert ikkje gjennomført før søknad om tilskot og spelemidlar er godkjent.

26. Ny barnehage Lindås:

Ny kommunal barnehagen på Lindås er under planlegging. Byggestart vert første kvartal 2020 og skal ferdigstillast i løpet av 2021. Barnehagen skal gje plass til om lag 130 born og erstattar Kolås barnehage.

27. Barnehage Bø:

Ny barnehage med 6 avdelingar og plass til 80 born er planlagt og under oppføring. Barnehagen skal stå klar innan utgangen av 2020. Prosjektet inkluderer også uteområde.

28. Veg/ infrastruktur ny barnehage Lindås:

I samband med planlegging av ny barnehage på Lindås kjem det gjennom reguleringsarbeidet krav om etablering og oppgradering av veg, fortau og VA-anlegg ut over det som er knytt direkte til barnehagetomta.

29. Investering barnehagebygg:

Dette er midlar til oppgradering, tilbygg eller tilpassingar. Det kan vere behov for å byggje om for å få fleire grupperom, mindre tilbygg, nye tekniske anlegg m.m.

30. Nye bustader (rus/psykiatri):

Det er vedteke at nye robuste bustader innan rus og psykiatri skal lokaliserast i Knarvik. Det er sett av midlar til planlegging og bygging av prosjektet i økonomiplanperioden. Tomta må regulerast før prosjektering kan ferdigstillast.

31. Investering bustader:

Det er behov for rehabilitering av den kommunale bustadmassen. Kommunale utleigebustader er utsett for stor slitasje og må rehabiliterast ved utflytting. Bruken av bustadar endrar seg stadig og med det kjem det andre krav og behov slik at bustadar også må endrast. Dette kan gjelde blant anna brannkrav og rømningsvegar.

32. BHSP – prosjektering, kjøp av 4 hyblar til ungdom:

Dette er oppfølging av Bustadsosial handlingsplan (BHSP). Det er lagt inn planleggingsmidlar etter økonomiplanperioden. Kostnad med prosjekt er ikkje avklart.

33. BSHP – prosjektering 6 leiligheter til vaksne/familiar:

Dette er oppfølging av Bustadsosial handlingsplan (BHSP). Det er lagt inn planleggingsmidlar etter økonomiplanperioden. Kostnad med prosjekt er ikkje avklart.

34. Investering institusjonsbygg og omsorgsbustader:

Midlane skal gå til løpande oppgraderingar og mindre tilpassingar av eksisterande bygg innanfor helsesektoren.

35. Bufellesskap:

Bufellesskap for menneske med psykisk utviklingshemming. Byggeprogram er vedtatt og området er lagt inn som offentleg tenesteyting i kommunedelplan for Knarvik-Alversund. Prosjektet må koordinerast med planar frå Statens vegvesen. Byggeperiode er sett til 2024.

36. Utleigebustader for vanskeligstilte:

Bustadmeldinga i Meland legg opp til at kommunen skaffar nye bustader kvart år, både fordi behovet er større enn tilbodet og for å kunne fase ut eldre / mindre hensiktsmessige bustader.

37. Omsorgsbustader med heildøgns tilsyn:

Bustadmeldinga i Meland legg opp til at det vert bygd ut omsorgsbustader med heildøgns tilsyn sentralt i kommunen. Krev reguleringsplan for å kunne gjennomførast, evt finne eigna tomt i regulererte område.

38. Oppfølging bustadsosial handlingsplan:

Jfr. Vedteken økonomiplan i Radøy kommune.

39. Ny RIB:

Jfr. Vedteken økonomiplan i Radøy kommune.

40. Solhall oppgradering:

Jfr. Vedteken økonomiplan i Radøy kommune.

41. Kyrkjeleg fellesråd:

Fellesrådet får overført midlar frå kommunen til å investera i mindre anleggsmidlar, til dømes utstyr og mindre rehabilitering/utskifting på bygg.

42. Gravplass Lindås:

Gravplassen på Lindås må byggast ut. Det blir lagt opp til ei trinnvis utbygging i 2019 og 2020. Det er kyrkjeleg fellesråd er ansvarlig for prosjektet.

43. Utviding kyrkjegard:

Gjeld gravplass knytt til Meland kyrkje.

44. Arbeidskyrkje – kommunalt tilskot:

Jfr. Vedteken økonomiplan i Meland kommune. Prosjektet er lagt til etter økonomiplanperioden.

45. Nytt vannbehandlingsanlegg Hestdal

Anleggsarbeidet er i gang. Nytt vassverk er nødvendig for å sikre vassforsyninga og tilfredsstillende kvalitetskrava i drikkevassforskrifta.

46. VA anlegg Meland vassverk – Meland høgdebasseng

Anleggsarbeidet er i gang. Dagens overføringsleiding frå anlegget på Hestdal til høgdebassenget på Meland har for liten kapasitet. Vatn- og avløp i same anlegg.

47. VA anlegg Myrvollane - Moldekleiv

Anlegget er prosjektert, heng saman med vassverket på Hestdal. Dagens vassleiding har for liten kapasitet til å sikre vassforsyninga i Frekhaugområdet og på Flatøy. Vatn- og avløp i same anlegg.

48. VA anlegg Fosse - Moldekleiv

Heng saman med VA-anlegg Myrvollane – Moldekleiv, oppgradering for å sikre vassforsyninga sentralt på Frekhaug. Gjennomføring blir samordna med fylkesvegarbeidet via Nordhordlandspakken. Vatn- og avløp i same anlegg.

49. VA anlegg Fosse – Frekhaug

Heng saman med VA-anlegg Myrvollane – Moldekleiv, oppgradering for å sikre vassforsyninga sentralt på Frekhaug. Gjennomføring blir samordna med fylkesvegarbeidet via Nordhordlandspakken. Vatn- og avløp i same anlegg.

50. Mindre prosjekt vatn

Kvart år oppstår det akutte behov for vedlikeholdstiltak / oppgradering / mindre sanering, oftast knytt til andre pågåande prosjekt.

51. Vassprosjekt i samsvar med plan

Gjeld i hovudsak vassbasseng Haukåsen og Vassleidning Vetås – Storheim.

52. Leidning Tykheller – Sjurset, kommunal del

Samarbeidsprosjekt med Equinor. Kommunen går inn med anleggsbidrag, for å få rett til å ta ut meir råvatn frå Litlås vassbehandlingsanlegg.

53. Leidning Kløve – Eknes

Ringleidning Osterfjorden Aust. Del av langsiktig plan for området. Sikrar m.a. vassforsyninga til Nordhordland næringspark og området Hjelmås – Leknes – Ostereidet.

54. Leidning Kløve – Veland

Sjøleidning.

55. Leidning Alverstraumen del 1 og 2

Sikring av vassforsyninga i området Alverstraumen – Hilland – Remme og mot Radøy.

56. Leidning Alversstraumen – Austmarka

Samankopling mellom Lindås og Radøy, sjøleidning frå Remmo mot Austmarka

57. Høydebasseng Alverstraumen

For å sikre vassforsyninga til Øvre Hilland og kommande utbyggingsområde. Også mot Radøy.

58. Oppgradering VA anlegg Alversund i samband med utbygging

Kommunal andel i samband med ny Alversund skule. Gjeld også konsekvens av dette i form av nødvendig oppgradering/rehabilitering av VA i Buheim-området.

59. Oppgradering Lindås

Behov for auka kapasitet i samband med barnehageutbygging. Samstundes oppgradering på grunn av for dårleg kapasitet på brannslukkevatn og manglande ringleidningssystem som sikrar vassforsyninga.

60. Nystøltunet, Fyllingsnes

Anleggsbidrag til kommunale hovudanlegg i samband med reguleringsplan for bustadområde.

61. Storavatn, nytt behandlingsanlegg

Må vere førebudd på krav om fullreinsing.

62. Herlandstø – Flatøy:

Ringleidning Meland – Lindås, sikring av vassforsyninga.

63. Tilskotsanlegg private:

Tilskotspost når privat utbygging medfører oppgradering av kommunalt anlegg

64. Generelle nyanlegg + rehab, leidning:

Kvart år oppstår det akutte behov for vedlikeholdstiltak / oppgradering / mindre sanering, oftast knytt til andre pågåande prosjekt.

65. Knarvikplanen. Kommunal del

Andel av infrastrukturen som er ein føresetnad for utbygging av Knarvik.

66. Mongstad Sør, utbygging samb. Veg

Ferdigstilling av anlegg.

67. VA anlegg Meland vassverk – Meland høgdebasseng:

Anleggsarbeidet er i gang. Dagens overføringsleidning frå anlegget på Hestdal til høgdebassenget på Meland har for liten kapasitet. Vatn- og avløp i same anlegg.

68. VA anlegg Myrvollane – Moldekleiv:

Anlegget er prosjektert, heng saman med vassverket på Hestdal. Dagens vassleidning har for liten kapasitet til å sikre vassforsyninga i Frekhaugområdet og på Flatøy. Vatn- og avløp i same anlegg.

69. VA anlegg Fosse – Moldekleiv:

Heng saman med VA-anlegg Myrvollane – Moldekleiv. Gjennomføring blir samordna med fylkesveg-arbeidet via Nordhordlandspakken. Vatn- og avløp i same anlegg.

70. Mindre prosjekt avlaup:

Kvart år oppstår det akutte behov for vedlikeholdstiltak / oppgradering / mindre sanering, oftast knytt til andre pågåande prosjekt.

71. Avlaupsprosjekt iht. Plan:

Gjeld i hovudsak reinseanlegg Manger.

72. Mindre utbyggingar, nyanlegg felles med vann

Kvart år oppstår det akutte behov for vedlikehaldstiltak / oppgradering / mindre sanering, oftast knytt til andre pågåande prosjekt.

73. Tilskot privat / offentlig anlegg:

Tilskotspost når privat utbygging medfører oppgradering av kommunalt anlegg.

74. Rehabilitering leidningar:

Mindre tiltak som oppstår gjennom året.

75. Overløpskontroll

Kontroll av avløpssystemet m.o.t. innlekk av grunnvatn / overvatn.

76. Resipientundersøkelser:

I samband med overføring av utslepp til Kvassneset.

77. Pumpestasjon Alverstraumen kai

Overføring av avlaup til Hilland Vest.

78. Pumpeleidning Alverstraumen kai – Gangstø

Inngår i samla avlaupsløysing Alversund – Hilland Vest

79. Pumpeleidning gangstø - Hilland vest

Inngår i samla avlaupsløysing Alversund – Hilland Vest

80. Pumpestasjon Ikenberget

I samband med overføring av utslepp til Kvassneset

81. Pumpeleidning Ikenberget - Klubbstøa

I samband med overføring av utslepp til Kvassneset

82. Pumpestasjon Herlandstø/ Istadstø – Klubbstøa

Avlaupssanering, Kvassnes-prosjektet

83. Pumpestasjon – Klubbstøa

Avlaupssanering, Kvassnes-prosjektet

84. Pumpeleidning Klubbstøa - Monter/Stolz

Avlaupssanering, Kvassnes-prosjektet

85. Hovedreinsanlegg Kvassneset, primærrensing

Nytt hovudreinsanlegg for søre delen av Lindås kommune og deler av Meland.

86. Renseanlegg Mongstad Sør, inkl div. ledn

Etablering av reinsanlegg Mongstad Base og tilgrensande industriområde.

87. Avløpsleidninger Mongstad base, kommunal del

Del av prosjekt renseanlegg Mongstad Sør

88. Slamavskillere, - ombygging og utvidelser

Planlagte ombyggingar, oppgraderingar.

89. Knarvikplanen, kommunal del

Andel av infrastrukturen som er ein føresetnad for utbygging av Knarvik.

90. Kommunale vegar:

Oppgradering av dei kommunale vegane i tråd med kommunedelplan, over ein 15-års periode rekna frå 2008.

91. Trafikksikring:

Tiltak som følger 4-årig trafikksikringsplan, etter årleg tiltaksplan. I hovudsak knytt til tiltak langs skuleveg.

92. Veglys, oppgradering (armatur, målare)

Planlagte investeringar som vil redusere driftsutgiftene til veglys vesentleg; modernisering av armatur og lyskjelder, sikrare måling av straumforbruk.

93. Mindre trafikksikringstiltak

Mindre tiltak som kan ha stor effekt for trafikktryggleiken, både for gåande og syklende.

94. Forsterkingstiltak vegar

Planlagt oppgradering av kommunale vegar, auka bæreevne.

95. Brannstasjon Manger:

Det er behov for å bygge ut ein ny brannstasjon på Manger. Dagens stasjon stettar ikkje krav til for-svarleg arbeidsmiljø, og arbeidstilsynet har kome med krav om nye lokalar for brann- og redningste-

nesta. Det må utgreiast kva tiltak som kan utførast innanfor ramma slik at ein stettar lovkrava.

96. Nye brannbilar:

Nordhordland brann og redning (NHBR) blei etablert 01.01.2019 og består av fire tidligare brannvesen. Alver kommune blir vertskommune frå 2020. Det er behov for å oppgradere bilparken for å optimalisere bilar til ny stasjonsstruktur. Dette vil gi ein meir effektiv drift av den nye organisasjonen. Det blir investert i 3 store bilar i 2020, samtidig som det blir selt unna 5 bilar. I løpet av økonomiplanperioden blir det også skifta ut fleire eldre småbilar som er viktig for drifta av organisasjonen og som vil gi lågare driftskostandar.

97. Diverse investeringar brann:

NHBR har behov for å investere i diverse utstyr, til dømes uniformar, pumper, slanger, røykdykkarutstyr, drakter og anna redningsutstyr. Mykje av dette utstyret er kritisk i forhold å gjennomføre redningsaksjonar.

98. Universell utforming/ særlig tilrettelegging:

Denne posten skal nyttast der ein må gjere tiltak for å stette krava til universell utforming, eller der det kjem inn særlege behov for tilrettelegging. Døme kan være at det kjem elevar på skulene med særlege behov for tilrettelegging eller i barnehagane. Avvik i høve til vernerundane blir også lagt inn i denne posten.

99. Planlegging Knarvik:

Områdeplanen for Knarvik sentrum set rammene for den vidare detaljplanlegginga av ulike areal, infrastruktur og anna for framtidig bystruktur i regionsenteret. Denne posten blei oppretta i økonomiplanen 2016 – 2019, og midlane er blitt nytta til planarbeid, studiar, prosjekt, utgreiingar og prosessar som skal legge til rette for gjennomføring av utbygging i Knarvik. Delar av desse midlane er forskutterte midlar som kommunen vil få tilbakebetalt anten gjennom utbyggingsavtalar eller andre prosessar. Sidan 2016 er desse midlane i hovudsak nytta til følgjande prosessar:

- Kommunal planmedverknad i prosjektet for bygging av oval rundkjøring og E39
- Ferdigstilling av hovudrapport med utgreiing av mogeleg parkering i fjellhaller under Knarvik.
- Planlegging/detaljering av ulike offentlege areal i Knarvik.
- Trafikkavvikling i Kvassnesvegen, inkl midlertidig omkjøringsveg via Bruvegen
- Ombygging/flytting av Skysstasjonen

- Midlertidige tilpassingar på eigedomar
- Midlertidige fortau
- Overvassanlegg mot Kvassnesstemma
- Planlegging av offentlege byrom
- Arbeid med utbyggingsavtalar og grunnlaget for desse.
- Planlegging av prosjektet med senking av Kvassnesvegen.
- Mulighetsstudie for det området der Western Geco hadde industriverksemda

Det er oppretta eit utviklingsfond for Knarvik der midlar frå utbyggingsavtalar blir betalt inn. Desse midlane skal nyttast til å dekke forskutterte midlar som kommunen har bidratt med planlegging og utbygging av Knarvik. I økonomiplanperioden er det lagt inn midlar som skal nyttast til vidare planlegging av Knarvik-byen, i tillegg til vidare arbeid med utbyggingsavtalar for ulike utbyggjarar.

100. Utbygging Knarvik:

Denne posten dekkjer anleggsarbeidet med senking av Kvassnesvegen og del av anleggskostnad for vatn, avløp og overvatn i Kvassnesvegen som ikkje vert dekkja av rammeposter på VA. Delar av desse midlane er forskutterte midlar som kommunen vil få tilbake gjennom utbyggingsavtalar i framtidige utbyggingsprosjekt i Knarvik.

101. Prestelva:

Prestelva på Lindås skapar utfordringar i flaumperiodar. Det er kome krav frå NVE om vurdering og gjennomføring av flaumsikringstiltak. Midlane skal gå til planlegging og gjennomføring av tiltak.

102. Digitalt kartverk:

Investeringar i nytt digitalt kartverk i samsvar med godkjent Geodataplan for Sogn og Fjordane og Hordaland i perioden 2017-2020. Kontinuerlig kartlegging FKB data i områder med stor aktivitet (Knarvik-Alver, Mongstad). Nytt landsdekkande høgdegrunnlag vert sett i verk i perioden, og vert dekkja av staten. Vert lagt ut til fritt bruk etter kvart som arbeidet er ferdig.

103. Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar:

Dette kan vere mindre tomtekjøp eller grensejusteringar i av strategiske eller praktiske omsyn.

104. IKT – anlegg

Gjeld investering knytt til IKT strategidelen gjennom IKTNH samarbeidet.

105. Utskifting bilar

Utskifting av biler i tidligare Meland

106. Oppgradering Frekhaug sentrum

Skape samanhengande sentrumsstruktur frå senter-området til kaiområdet, med vekt på å gjere det attraktiv både å ferdast og drive forretningsverksemd på Frekhaug.

107. IKT diverse investering kommunen

Ulike IKT investeringar som gjeld heile organisasjonen.

108. Nettbrett skuleelevar:

Investeringar knytt til digitalisering av skulesektoren. Avsett sum vil bli brukt til innkjøp av utstyr samt digital infrastruktur (aksesspunkt, kabling, switchar, datapunkt).

109. Datautstyr skulane

Investering av IKT utstyr i skulane, bruk av ramme vil bli vurdert utfrå behov på dei ulike skulane.

110. Digital transformasjon skulane

Må sjåast i samband med post 108, fordeling utfrå behov

111. IKT – prosjekt via IKTNH

investeringar i samsvar med kommunen sin vedtekte IKT-strategi. Dei siste åra i økonomiplanen må ein koma attende til i samband med revideringa av strategien.

112. Egenkapitalinnskott KLP:

Lindås kommune sin pensjonsleverandør er KLP. KLP er eit medlemseigd selskap, og det er derfor naudsynt å gå inn med eigenkapital tilsvarande kommunens del av selskapets totale forvaltning.